

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: Tingstova, Bondeheimen, Oslo
Dato: 12.11.2018
Tidspunkt: 14:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til xxx. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-Saksnr
ST 32/2018	Godkjenning av protokoll/innkalling		2003/4333
ST 33/2018	Referatsaker		2003/4333
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Tilbakemelding/rapport - Motorferdsel - Ultraløpet Xreid 2018 - Xreid Norway AS		2017/6733
RS	Varsel om utvidet planområde - Jotunheimen - Utladalen nasjonalparkstyre - Reguleringsplan - Gjendeosen - Reinsvangen		2018/2992
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Besseggen som Nasjonal turiststi		2018/735
RS	Jotunheimløpet 2018 - Kjørebok og rapportering av arrangement		2017/5165
RS	Ferdselsteljarane i Jotunheimen 2018 - Endelege resultat		2017/6959
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Gjendebåten - passasjerstatistikk 2018		2015/3107
ST 34/2018	Delegerte vedtak		2003/4333
31/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Filming med drone i samband med tur til Galdhøpiggen - 71° nord kjendis		2018/3690
32/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Bruk av motorbåt i samband med byggearbeid ved Gjende - Stokk og Stein		2018/8211
33/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag - Filming med drone på Galdhøpiggen - Frode Fredriksen		2018/5468
34/2018	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2018 - Kjøring på Folkevegen i samband med TV-program - Monsen minutt for minutt – NRK Hordaland		2018/2527
35/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Utbetring og førebyggjande tiltak mot flaumskader frå Gråsubekken og Bergenussa- DNT Oslo og omegn		2018/4365
36/2018	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Sprenging av tomt til diesellager og transport av utstyr - Memurubu Turisthytte		2016/6619
37/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Persontransport til Glitterheim		2018/4759
38/2018	Tilbakemelding - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag på søknad om bruk av drone på Bøverbreen i samband med kunstprosjekt - P:M Photography		2018/5045

ST 35/2018	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog med Statens naturoppsyn - 2019		2018/7457
ST 36/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Oppgradering av Memurubu Kraftverk - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS		2018/4659
ST 37/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019-2021 - Snødekt mark - Sledehundløp og bruk av skuter til oppkjøring / merking av løyper - Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen		2018/5386
ST 38/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Drift av rutebåten på Gjende og oppgradering av beredskapsbåt - Gjendebåten		2015/3107
ST 39/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Behandling av avfall ved Memurubu Turisthytte	X	2018/5821
ST 40/2018	Eventuelt		2003/4333

ST 33/2018 Referatsaker

Jotunheimen nasjonalpark - Tilbakemelding/rapport - Motorferdsel - Ultraløpet Xreid 2018 - Xreid Norway AS 2017/6733

Varsel om utvidet planområde - Jotunheimen - Utladalen nasjonalparkstyre - Reguleringsplan - Gjendeosen - Reinsvangen 2018/2992

Jotunheimen nasjonalpark - Besseggen som Nasjonal turiststi 2018/735

Jotunheimløpet 2018 - Kjørebok og rapportering av arrangement 2017/5165

Ferdselsteljarane i Jotunheimen 2018 - Endelege resultat 2017/6959

Jotunheimen nasjonalpark - Gjendebåten - passasjerstatistikk 2018 2015/3107

ST 34/2018 Delegerte vedtak

31/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Filming med drone i samband med tur til Galdhøpiggen - 71° nord kjendis 2018/3690

32/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Bruk av motorbåt i samband med byggearbeid ved Gjende - Stokk og Stein 2018/8211

33/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag - Filming med drone på Galdhøpiggen - Frode Fredriksen 2018/5468

34/2018 Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2018 - Kjøring på Folkevegen i samband med TV-program - Monsen minutt for minutt – NRK Hordaland 2018/2527

35/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Utbetring og førebyggjande tiltak mot flaumskader frå Gråsubekken og Bergenussa- DNT Oslo og omegn 2018/4365

36/2018 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Sprenging av tomt til diesellager og transport av utstyr - Memurubu Turisthytte 2016/6619

37/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Persontransport til Glitterheim 2018/4759

38/2018 Tilbakemelding - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag på søknad om bruk av drone på Bøverbreen i samband med kunstprosjekt - P:M Photography 2018/5045

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2018/7457-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 26.10.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	35/2018	12.11.2018

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog med Statens naturoppsyn - 2019

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det vert søkt om tiltaksmidler for 2019 via elektronisk søknad til følgjande tiltak – jf. vedlagt forslag til tiltaksplan:

Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Pilot innfallsport Sognefjellshytta ved Fv. 55 – reparasjon av rekkverk etter snøskader.
- Tiltak ved bommen i Veodalen ved vegen mot Glitterheim
- Fornyng av informasjonstavler til nytt design
- Informasjonstavler om styvingstre i Utladalen
- Nye droneforbodsskilt, standard utforming
- Brukarundersøking

Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Prioritering av tiltak etter tildeling

- Vedlikehald og førebyggjande tiltak på plassar med skade eller fare for erosjon; m.a. mot Vettisfossen og Svartdalsoksle
- Kanalisering og erosjonssikring av parti på stigen frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen og mot Glittertinden
- Kloppegging av blaute parti Krossbu – Bøverbrean

Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg:

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styving/risng av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding/vedlikehald Guridalen
- Styrt beite ved Gjendebu (geit)
- Styrt beite ved Gjendebu (storfe)
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet
- Slått av kve ved Gjendebu som kurs i tradisjonsformidling og biologisk mangfald

Forvaltningsplan

- Kartlegging av bygningar i nasjonalparken og landskapsvernområdet

Andre tiltak

- Skuleopplegg knytt til styvingstre
- Nasjonalparkfestival
- Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort på nyåret 2019, etter at tildeling av midlar er klart. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, og restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner som toler meir intensiv bruk. Vidareføring av etablert skjøtsel av kulturlandskap

Bestilling av tenester frå SNO:

- Oppsyn med fokus på utvalde arrangement
- Oppfølging av ferdselsteljarar (eco-counter) på Sognefjellet, ved Besseggen, mot Galdhøpiggen frå Visdalen, Knutshøe og Utladalen. 2 nye + batteri til eksisterande
- Nye skilt: Standard droneskilt
- Administrasjon av tilrettelegging og vedlikehald stignett. Kartlegge behov
- Oppfølging av prioriterte skjøtseltiltak i medhald av plan
- Kartlegging og overvaking av rovfuglar og villrein
- Oppsyn/kontroll av motorferdselløyve på vinterføre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Brev av 24.10.18 frå Miljødirektoratet - *Rammer og opplegg for verneområdestyrer - Innmelding av behov for tiltaksmidler og bestilling av tenester av SNO - 2019*
- Vedlegg til bestillingsbrevet
 - *Strategi for bruk av tiltaksmidler 2015-2020*
 - *Skjema for innspill om ønsket SNO-ressurs*
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar
- Dokument knytt til pilotsatsing i besøksforvaltning, Utkikkspunkt Sognefjellet m.m.
- Tiltaksplan 2019-2021

Saksopplysningar

Vedlegg til saka

1. Forslag til tiltaksplan 2019-2021, vidareføring av tidlegare plan, og med nye tiltak
2. Bestillingsskjema tenester frå SNO

Nasjonalparkforvaltar og SNO vil orientere om gjennomførte tiltak i 2018 og plan for aktuelle

tiltak for 2019-21 i møtet. Under saksførebuinga har det vore god dialog mellom forvaltar og lokalt SNO, med Skype-møte 2. november.

Det er sett opp eit felles utkast til tiltaksplan for verneområda for perioden 2019-21, sjå vedlegget. Frist for innlegging av elektronisk søknad på tiltak er 10. januar 2019.

I tillegg er bestilling/forventningar til SNO si verksemd lagt inn i eige skjema (vedlegg 2). Her er både kontroll, overvaking/registrering og utføring av skjøtsel og tilrettelegging.

I tillegg til vidareføring av skjøtsel og andre oppstarta prosjekt, ser ein følgjande nye aktuelle prosjekt for 2019, basert på eigne registreringar og innkomne innspel:

- Veodalen og Glittertinden:
Oppgradering av tilrettelegginga på parkeringsplassen
 - Informasjonssøyler som erstatning for portstolpar som måtte fjernast pga. råte
 - Vurdere skilt på toppen – markering av toppunkt og åtvaring mot å gå ut på skavlen
- Informasjon om styvingstre; tavler og utvikling av skuleopplegg
- Besseggen-skilting
 - Utplassering av erstatningsskilt og eitt nytt skilt etter innspel frå Gjendeguiden
 - Utkjøring skiltstativ
- Informasjon om nasjonalparken i tilknytning til turistinformasjon på Beitostølen

Vurdering

Brev av 24.10.18 gjev følgjande føringar for innmelding om tiltaksmidler frå styra:

- *Budsjettposten 1420.31 er en statlig investeringspost og ikke en tilskuddspost. Innmeldingen skal utelukkende være for midler til tiltak i regi av styret som forvaltningsmyndighet, og ikke en liste over tiltak som kommuner, private aktører eller andre ønsker å utføre.*
- *Innmeldingen skal være forvaltningens liste over prioriterte tiltak som planlegges gjennomført i 2019, ikke en flerårig tiltaksliste inkludert tiltak som ikke skal gjennomføres i 2019.*

Strategi vedlagt brevet frå direktoratet har som overordna mål for forvaltning av verneområde at verneformålet og verneverdiane i det enkelte området skal ivaretakast. «*Dei verna områda representerer store ressursar og høve til opplevingar, samtidig som dei sikrar naturverdiar og områda sin funksjon som leveområde for planter og dyr. God forvaltning i desse områda som byggjer opp under verneformålet slik at verneverdiane ikkje blir reduserte eller øydelagde som følgje av inngrep eller bruk som ikkje er berekraftig er ein føresetnad, både for å ta vare på dei økosystema som er sikra for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane no og i framtida*».

Andre relevante føringar gitt i strategidokumentet som er vedlagt bestillingsbrevet:

For skjøtelsprosjekter gjøres følgende prioriteringer:

o Prioritet 1: Pågående skjøtelsprosjekter. Ramsarområder har høyeste prioritet.

o Prioritet 2: Tiltak i områder som er akutt truet og med behov for skjøtsel. Ramsarområder har høyeste prioritet.

o Prioritet 3: Tiltak i områder med identifiserte trusselfaktorer, men der det ikke er behov for akutte tiltak

For besøksforvaltningstiltak gjøres følgende prioriteringer:

o Prioritet 1: Ferdigstilling av påbegynte tiltak som fremmer eller er nødvendige for å ivareta verneformålet.

o Prioritet 2: Tiltak i verneområder som har utarbeidet besøksstrategi som en del av forvaltningsplanen.

o Prioritet 3: Tiltak i områder der det er akutt behov for å ivareta verneverdiene.

Følgende prioritering skal legges til grunn i slike områder (i prioritert rekkefølge):

1) Tiltak som ivaretar verneverdiene

2) Formidling av verneverdier

3) Tiltak for å fremme friluftslivet

o Prioritet 4: Etablering av første gangs informasjonstavler i områder hvor det er behov

«Besøksforvaltning og implementering av merkevaren Norges Nasjonalparker

Stortinget har gjennom behandlingen av friluftsmeldingen bestemt at merkevaren Norges nasjonalparker skal implementeres. Dette blant annet for at verneområdene våre skal gis et felles uttrykk og framstå mer helhetlig.»

«Installasjoner i verneområder

Større besøksanlegg og installasjoner i verneområder må være del av en besøksstrategi for å kunne bli prioritert. Fugletårn er et tiltak som går igjen i bestillingsdialogen, og ofte er det her snakk om svært dyre anlegg. Eventuelle nye installasjoner av denne typen kan finansieres over tiltaksposten, men det vil være krav om betydelig samfinansiering for å kunne prioritere tiltaket. Videre må eierforhold og vedlikeholdsansvar avklares på forhånd.

Tiltak utenfor verneområder

For å kunne ivareta verneverdiene innenfor enkelte verneområder, er en ofte avhengig av at naturtilstanden utenfor verneområdet er god. I noen tilfeller vil det derfor være nødvendig å gjennomføre tiltak både innenfor og utenfor verneområdene for å ivareta verneverdiene innenfor verneområdet. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere utenfor verneområdet.»

Jotunheimen som pilot for implementering av ny merkevare

Jotunheimen vart i 2014 tildelt ei pilotrolle for innføring av ny merkevare. Pilot innfallsport Sognefjellet vart opna i august 2018. Den samla tilrettelegginga langs Fv. 55 gjev eit synleg og godt døme på den nye merkevaren. Tilrettelegginga har vore komplisert, og det er utfordringar knytt til rekkverk på gangbaner ut mot halvøya i Fantesteinvatnet. Det er sett opp ny variant av rekkverk på ei delstrekning for å hauste erfaring med snødekke gjennom komande vinter. Den er nær dialog med Miljødirektoratet om opprettinga etter at rekkverket vart skada sist vinter.

Merkevareprosjektet legg vekt på kundereisa til dei besøkande, dvs. at besøkande skal møtast med mest mogleg einsretta informasjon og profil. Utkikkspunkt Sognefjellshytta inngår i ein akse over Sognefjellet med tilsvarande Informasjonstavler ved Turtagrø og Krossbu. Det er behov for å tilpasse med nokre mindre terrengtiltak på stinettet.

Ved Turtagrø det er utført kanalisering av ferdsel over blaute parti og forbi den private hytta. Ved Krossbu ligg det svært godt til rette for geologivandring inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling. Det er geologar som har arbeidd lenge i dette området som er viljuge til å bidra med fagleg rådgjeving. Denne typen tilrettelegging vil også vera viktig for lokalbefolkninga sin bruk av områda, og barn og unge bør bli ei viktig målgruppe for naturopplevingar og kunnskapsformidling. God samhandling med lokalsamfunna er avgjerande for at nasjonalparken med tilgrensande verneområde skal opplevast som ein verdi for bygdene.

Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Oppfølging og vidare utvikling av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 må få høg prioritet i åra framover. Det er svært mange som gjestar Jotunheimen, og ein må derfor leggje stor vekt på tiltak som kan bidra til å gje turistar gode naturopplevingar utan forringing av verneverdiane. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for bærekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. Ei brukarundersøking kunne bidra til å avdekke kva tiltak som er særleg etterspurt av brukarane.

I områda med størst besøkstrykk trengst årlege ressursar for reparasjonar og restaurering av stinettet. Dette gjeld særleg i områda Besseggen/Gjende, Galdhøpiggen og Vettisfossen, men også på utsette strekningar langs Fv. 55, der mange stoppar og tek ein avstikkar eller lengre tur inn mot nasjonalparken. Elles vil ein kvart år registrere punkt som krev oppfølging, avhengig av slitasje og erosjon etter smeltevatn. Sentrale punkt får utplassert ferdsteltjarar.

Informasjon ved andre innfallsportar må fornyast til ny profil så snart økonomien tillet det, og plassane med manglande eller særleg utdatert informasjon blir prioritert først.

Nye skilt Gjendebu og Memurubu vart sett opp i eksisterande stativ i 2018. Etter eitt år med ekstra skilting etter Besseggen-ruta, er det behov for tilpassing og/eller supplering av skilt.

Ved Gjende/Reinsvangen må informasjonen tilpassast formatet til Nasjonale Turistveger, som er 90x120 cm. I møte med representantar for turistvegprosjektet 22.11.16 vart det semje om at dei ville trykke alle tavlene for å sikre felles format og materialval. Karttavla har ferdig utforma design. På Gjendeosen er det utført midlertidig skilting i 2019, i påvente av at endeleg informasjonsopplegg i regi av Nasjonale Turistveger kjem på plass. Eventuelle nye tematavler blir nærare drøfta med turistvegprosjektet ved Gjende, men kjem neppe i 2019.

Vidare informasjon langs Nasjonal Turistveg Valdresflye må skje i nær dialog med turistvegprosjektet, og tilpassast konstruksjonar som blir sett opp av vegvesenet.

Innfallsporten ved Hjelle i Utladalen treng ei generell oppgradering og skilting etter ny merkevare. Det er inngått avtale om eit forprosjekt i 2017/18. Konkret plan for ei større oppgradering må liggje føre før ein vurderer løyving til tiltak. Det same gjeld for betre synleggjering av nasjonalparken ved Eidsbugarden. Søknad om midlar til skilting og eventuelle andre tiltak bør vera forankar i eit forprosjekt som viser samla tilrettelegging.

Informasjonstavler ved Leirvassbu og Spiterstulen bør fornyast til ny design. Eksisterande stativ / skiferplater bør kunne brukast brukast til dei nye skilta.

Tavler med informasjon om styvingstre i Utladalen ville gje eit nyttig bidrag både for skular/undervisning og til besøkande som ønskjer informasjon om dei særmerkte trea.

Oppsummering tiltak:

Det er lagt opp til at alle informasjonsplakatar må erstattast med nye i tråd med merkevaren, men behovet for nye stativ må vurderast for kvar enkelt plass. Fullstendig utskifting av informasjonsmateriell ved alle innfallsportar treng eit lengre tidsperspektiv. Ein må vera førebudd på å ta ut eller justere enkelte tiltak når ein ser endeleg tildeling. Enkelte av dei foreslåtte tiltaka kan gjennomførast med redusert nivå – t.d. redusere omfanget av skjøtsel, eller ta ut att tiltak. På enkelte tiltak kan det vera aktuelt med spleiselag med andre aktørar, slik at bidraget frå nasjonalparkmidlane kan justerast.

Det er nasjonalparkstyret som gjer dei endelege prioriteringane, etter at midlane er fordelt av Miljødirektoratet på nyåret i 2019.

Annan informasjon – samarbeid med andre

Reiselivslaga etterspør ofte informasjon, og plakatar om verneområda kan bidra i marknadsføringa. Fokus på bestemte område kan også ha kanaliseringseffekt framfor område som blir mindre profilert,

I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, bør det satsast meir på digital presentasjon av opplevingar i verneområda.

Informasjonssenter er eit tredje element i informasjonen. Samarbeid med Norsk Fjellsenter om ymse informasjonstiltak, geologisti, m.v.

Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar

Det er og behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser, som er standard i nye verneplanprosessar. Som pilot i Merkevarprosjektet, vart det i 2014/2015 kartlagt delar av verneområdet etter det nye systemet NiN. Resultata ligg framleis til bearbeiding i direktoratet før presentasjon.

Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl som dekkjer heile verneområdet er teke inn som eit ledd i forvaltningsplanarbeidet, og ein vil få ein rapport for Vest-Jotunheimen i 2018. Ein har også fått utført betre samanstilling av kunnskapsgrunnlaget for villrein, og eit grunnlagsarbeid knytt til endra reglar for sykling og organisert riding. Med desse utgreiingane vil ein ha tilfredsstillande kunnskapsbakgrunn for revisjon av forvaltningsplanen, men det er fleire fagområde som bør få betre registreringar etter kvart som ein har kapasitet og ressursar. Det er t.d. ønskeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande.

Brukarundersøking.

Siste brukarundersøking for Jotunheimen vart gjennomført i 2010. Det er behov for ei ny undersøking som kan vise eventuelle endringar som følgjer at den sterke trafikkauken vi har opplevd i enkelte område av Jotunheimen. Brukarundersøkinga må designast slik at ein også kan fange opp trekk ved vintertrafikken, som har hatt ein tydeleg auke dei seinare åra.

Naturrettleiing:

Eigen naturrettleiar i sommarsesongane 2009-2014 fungerte både som eit servicetilbod og eit ledd i arbeidet for å sikre at bruk ikkje går ut over verneverdiane. Som følge av generelle nedskjeringar på nasjonalparkbudsjetta i 2015 har det etter dette ikkje vore rom for denne tenesta, noko som er svært beklageleg. Rettleiarfunksjonen i SNO er også sterkt nedtona. Det er ønskeleg å kunne utvikle eit skuleopplegg rundt skjøtsel av edellauvskog i Utladalen, der styving og rising er metodar som har gått ut av bruk i den ordinære landbruksdrifta. Denne typen enkeltprosjekt kan saman danne ei form for naturformidling til brukarane.

Skjøtsel (skjøtselbudsjett administrert av SNO):

Skjøtsel i Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført, jf. føringar i bestillingsbrevet: *«Skjøtselstiltak i verneområder krever oppfølging over mange år. Allerede igangsatte prosjekter binder en stadig større del av tildelte midler, og begrenser handlingsrommet. Å oppgi allerede igangsatt skjøtsel innebærer som hovedregel at investeringen går tapt.»*

Skjøtselstiltaka i Utladalen har gått over fleire år og er omfattande. Dei siste 4-5 åra er skjøtselen også utvida til Øvre Utladalen. Framlegg til skjøtelsplan har vurdert dei ulike skjøtelsområda i Utladalen og tilrår vidareføring, men rangerer også dei ulike områda. Skjøtsel av kulturmark er ressurskrevjande og krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingangstiltak. Ved prioritering av skjøtelsområde vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtelsplanen. Ved eventuelt behov for prioriteringar må verneverdi ha stor vekt, og tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket vil også ha stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

SNO og andre prioriterte aktivitetar

Ferdselsteljing

Forvaltninga kan bestille særlege fokusområde innan SNO gjennom innmelding på skjema. Nye tiltak i 2015 var tilrettelegging av ferdselsteljarar på Sognefjellet og ved Knutshø. Teljinga ved Sognefjellet var planlagt å gå over ein treårsperiode, men her må ein søkje om utviding til 2019 for å få teljing både før og etter tilrettelegginga rundt Fantesteinvatnet. Ferdseleksregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar.

Kunnskapen ein har fått gjennom teljingane på Knutshø i 2015-16 viser at det er behov for å arbeide for å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyrringar. Det foregår i dag organisert aktivitet som gjev svært stor utfart over Knutshø i juni, som er ein sårbar periode (Rapport med sårbarheitsvrudering fugl i Aust-Jotunheimen). Teljar ved Knutshø vart i 2017 flytta til Besseggen-stigen for å få meir konkrete trafikketal her. Det er behov for ny teljing ved Knutshø, som følgje av massiv marknadsføring i media både i 2017 og 2018. Det blir søkt om ein ekstra teljar for formålet. Teljar på stigen frå Spiterstuen mot Galdhøpiggen bør stå eitt år til, for å få betre samla trafikketal for Galdhøpiggen. Det er vidare behov for teljar i Utladalen for å skaffe betre oversikt i eit svært trafikkert utfartsområde

Kartlegging av stislitasje og administrasjon av stiltak

Tilrettelegging og vedlikehald av stigar er framheva som nødvendige tiltak i besøksstrategien. Forslag til stigtiltak i tiltaksplan er basert på registrerte behov i felt. SNO har stor lokalkunnskap om god kompetanse på praktisk stiskjøtsel, og sørgjer for best mogleg utnytting av tiltaksmidlane på dette området.

Kontroll og registreringar

Fleirårige motorferdselløyve og løyve med fleire turar årleg bør år om anna kontrollerast gjennom stikkontrollar, helst i tilknyting til påska. Ferdige byggetiltak bør kontrollerast opp mot gitt dispensasjon, og ny status for det aktuelle anlegget bør oppdaterast.

Registrering av sårbare artar bør vidareførast, m.a. med sjekk av utvalde hekkelokalitetar og oppfølging av situasjonen for villreinen i Vest-Jotunheimen. Stammen blir vurdert som svært sårbar. Dette er arbeid som i stor grad kan kombinerast med andre oppsynsoppgåver.

Styret blir og invitert til å koma med innspel når vi går gjennom tiltakslista i møtet.

Innspill om ønsket SNO ressurs. (Sett inn nye linjer for hvert bestilte oppdrag)								
År:	2019							
Bestiller:	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen							
Verneområder	Prioritet (kategori 1, 2, 3)	Verneområde/innsatsområde/lok alitet	Forankring og beskrivelse av oppdraget	Anslått tidsbruk i dagsverk	Metodebeskrivelse evnt henvisning	Rapportering (rapportformat, lagringssted for rapp., egenskapsdata ol.). Stand. rap.verktøy som Verneomrdlogg, Artsobs, Natstat, anmeldelsesbase og Rovbase skal benyttes.	Rapporteringsfrist	Ansvarlig i SNO-L
Tilsyn/kontroll	1	Jotunheimen, Utladalen	Store arrangement (festivalar, konkurranser)	8	Vera synleg til stades		20. nov.	Rigmor Solem RS
Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)	1	Jotunheimen	Knutshø - sjekke merking utsett parti, nytt droneskilt	4	Supplere merking ved behov		01-jul	RS
"	1	Jotunheimen, Utladalen	Administrere stitilrettelegging	15	Behovsvurdering nye tiltak og iverksetting av vedtekne tiltak . Følgje med på utvikling av stisykling		20. nov.	RS
"	1	Jotunheimen, Utladalen	Administrering av skjøtsel	35	Planlegging. Inngå avtaler med skjøtsels-medarbeidarar, setja i verk tiltak til rett tid		20. nov.	RS
"	1	Utladalen	Førebuing og vedlikehald av styvingar av alm og lind.	10	Oppretthalde kulturmark, setja i verk skjøtsel		20. nov.	RS
Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)	1	Jotunheimen	Oppsetting og administrering av Eco-counter Besseggen (1 stk) Knutshøe (1 stk) Sognefjellet (1 stk), Galdhøpiggen (1 stk)	6	Oppsett av teljar med trampematter . Manuell observasjon av ferdselsmønster ved Knutshø, 1 dag.		20. nov.	RS
	1	Utladalen	Oppsetting og administrering av Eco-counter Utladalen (1 stk)	1	Oppsett av teljar med trampematter .			
	1	Jotunheimen, Utladalen	Motorferdselkontroll	6	Oppfølging av motorferdselløype på vinter		01-jul	
	1	Jotunheimen, Utladalen	Kartlegging bygningsmasse i verneområdet, rettleiing	1	Kjentmannsarbeid		20. nov.	

Arrangement/Naturveiledning/ informasjon	1	Jotunheimen, Utladalen	Kartlegging og overvaking av villrein og rovfugl	7	Løpende oppdrag til oppsyn, særleg vekt på vårtrekk og hekkesesong		20. nov.	RS
	1	Jotunheimen, Utladalen	Tilsyn med eksisterande skiltinformasjon	5	Kartlegge behov for utskifting og supplement		20. nov.	RS
	1	Jotunheimen, Utladalen	Studentopplegg verneområde	2	Tilrettelegge og drive informasjon		20. nov.	RS
			SUM	100				

Arkivsaksnummer: 2018/4659-9

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 24.10.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	36/2018	12.11.2018

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Oppgradering av Memurubu Kraftverk - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS

Innstilling frå forvaltar

Kleppconsult AS får på vegne av Memurubu Turisthytte v/ Kjetil E. Sveine dispensasjon for å gå vidare med søknad om oppgradering og utviding av Memurubu Kraftverk. Dispensasjon blir gjeve med heimel i § 48 i naturmangfaldlova, jf. § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev dispensasjon frå verneforskrifta til følgjande **tiltak**:

1. Utviding av kraftverket til inntak høgare oppe i Hestbekken, ved kote 1141, med følgjande vilkår:
 - Nytt inntak skal utformast med god terrengtilpassing, og byggast ved hjelp av helikoptertransport. Det skal ikkje lagast anleggsveg eller kjørast i terrenget på berrmark ovafor dagens inntak.
 - Eksisterande inntak skal demonterast og alle delar skal fraktast ut av nasjonalparken. Terrenginngrep ved inntaket skal jamnast til og leggjast til rette for revegetering.
2. Røyrgate på øvre del av strekinga, på vestsida av Hestbekken, skal byggast ved hjelp av helikopter og blir lagt i dagen med klamring til berg. Det skal ikkje lagast anleggsveg eller kjørast i terrenget på berrmark ovafor dagens inntak.
3. Røyrkata skal krysse krysse Hestbekken rett nedstrøms eksisterande inntak, og skal vidare ned mot kraftstasjonen gravast ned etter trase for eksisterande kjørspor. Gamle røyr som ligg nesten i dagen skal fjernast. Vegetasjonsmasser skal leggjast til side og takast vare på for revegetering av trase for anleggsveg og andre terrengspor.

Vilkår:

- A. Detaljert spesifisering av inntak og røyrgate må leggjast fram for Norges Vassdrags- og Energidirektorat, for vedtak om konsekvensklassifisering av dam og røyrgate, jf. brev av 31.10.18 frå NVE: «*Konsekvensklassen er bestemmende for sikkerhetskravene som stilles til planlegging, bygging og drift og må derfor være avklart før arbeidet med tekniske planer starter.*»
- B. Det skal utarbeidast detaljplanar og etablerast internkontrollsystem for anlegget, i samsvar med krav frå NVE
- C. Alt gravearbeid skal avgrensast til det som er heilt nødvendig, og vegetasjonsmasse som blir fjerna skal leggjast til side og plasserast på ein måte som sikrar best mogleg revegetering av kjørspor og andre sår i landskapet.

I tillegg til dispensasjon etter verneforskrift og faglege godkjenningar frå NVE skal byggetiltak behandlast av Lom kommune i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova.

Det er vidare ein føresetnad at grunneigar gjev godkjenning til tiltaka.

Dersom det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk fredete kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminne eller sikringssonen på fem meter, jf lov om kulturminne § 8. Melding skal snarast sendes til kulturarveininga i Oppland fylkeskommune slik at det kan gjennomførast befarar for å avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelt vilkåra for dette.

Behandling av dispensasjon for kraftstasjonsbygget, detaljplan for gjennomføring og bruk av motoriserte hjelpemiddel under anleggsarbeidet blir behandla når tiltakshavar har utarbeidd detaljplanar i tråd med krava frå NVE.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Søknad om konsesjon for oppgradering av Memurubu kraftverk med vedlegg:
 - Vedlegg 1. Hydrologirapport. Skjema hydrologiske forhold Memurubu
 - Vedlegg 2. PRODUKSJONSBEREGNING - Memurubu 50% (Heimdalsvatnet)
 - Vedlegg 3. Memurubu småkraftverk – Biologisk mangfald – rapport 19. januar 2018
 - Tillegg: Alternativ røytrase - Memurubu Kraftverk
2. Høyringsbrev og orientering om prosess vedrørende søknad - Jotunheimen nasjonalpark
 - Oppgradering av Memurubu Kraftverk - Kleppconsult AS
3. Referat synfaring Memurubu kraftverk 25.09.18
4. Innkomne uttaler / innspel (sjå oppsummering med merknader i eige avsnitt/tabell)
5. Energianalyse for Memurubu Turisthytte utarbeidd av seniorrådgj. Nils Ola Strand, 2016

Saksopplysningar

Memurubu Kraftverk vart etablert i 1972. Anlegget er ikkje i tilfredsstillande teknisk stand, og Memurubu Turisthytte v/ Kjetil E Sveine har ved hjelp av firmaet Kleppconsult utarbeidd søknad om oppgradering og utviding av kraftverket.

På vegne av tiltakshavar Kjetil Sveine søker Kleppconsult AS v/ Johs. Flaata om følgjande:

«Memurubu Kraftverk ønsker å oppgradere eksisterende kraftverk i Hestbekken elva i Lom kommune i Oppland fylke, som er lokalisert i Jotunheimen Nasjonalpark.

Det søkes herved om følgende tillatelser:

I Etter Naturvernloven, om tillatelse til:

- *å oppgradere kraftverket med utvidelse av fallhøyde til 1141 moh.*

II Etter Vannressursloven § 33 2.ledd om tillatelse til:

- *bygging og drift av Memurubu kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden. Skal søknader om konsesjon for anlegg som ligger i områder vernet etter naturvernloven behandles av den instans som har myndighet etter dette lovverket.*

Nødvendig opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning.»

Alle dokument i søknaden er lagt ut på nettside:

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/Nyhende/Offentleg-hoyring-Memurubu-kraftverk/>

Det er lagt opp ein slik prosess:

1. Offentleg høyring i perioden 06.09.18-05.11.18
2. Kunngjering i lokalpressa; Fjuken og GD ved annonser
3. Informasjon til høyringspartane (organisasjonar, off.myndigheiter) ved høyringsbrev
4. Utlekking av papirutgåve i kommunen

5. Utlekking på nettsider (nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen.no)
6. Høyeringssynfaring gjennomført 25. september 2018.
7. Samanstilling av høyringsinnspela
8. Behandle saka etter verneforskrifta (nasjonalparkstyret)
9. Behandling av NVE som faginstans
10. Behandle saka etter pbl (kommunen – basert på høyringsinnspela og kommentarane)
11. Behandle saka etter laks- og innlandsfiskelova (fylkeskommunen – basert på dei same høyringsinnspela og kommentarane)


Om søknaden:

Memurubu kraftverk nyttar i dag eit fall på 100 meter i Hestbekken, med inntak på kote 1110 og kraftstasjon på kote 1010. Kraftverket vart etablert i 1972, og nyttar ei turbin produsert i 1914 og som tidlegare var brukt i eit kraftverk i Sogn. Også rørgata er henta frå dette anlegget. Søknaden gjeld utskifting av eksisterande kraftverk til eit nytt anlegg, med inntak eit lite stykke høgare opp i vassdraget. Planen er å nytte eit fall på 131 m, frå kote 1141 og ned til kraftstasjonen på kote 1010. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei ca. 450 m lang strekning av Hestbekken. Det er planlagt om lag 550 meter rørgate med diameter 400 mm. Det er ikkje lagt opp til nye permanente vegar, men det er behov for midlertidig anleggsveg langs rørgata. Det er ved tilleggsrapport lagt fram alternativ rørgatetrase på vestsida av Hestebekken, for delstrekning ovafor dagens inntak. Denne strekninga er tenkt bygd ved hjelp av helikopter, og lagt på overflata for å unngå graving og vegbygging i urørt terreng.

Middelvassføringa i Hestbekken er rekna til 285 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 143 l/s, dvs. 50% av middelvassføringa. Det nye kraftverket får ein installert effekt på ca. 164 kW mot 60 kW for dagens kraftverk. Det vil etter planane gje ein årsproduksjon på om lag 0,995 GWh. Ca. 55% av dette er sommarkraft (01.05 – 30.09).

All elektrisk kraft blir brukt lokalt då det ikkje er linjekopling mot det eksterne nettet. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 6 l/s i sommarsesongen (01.05 – 30.09) og 1 l/s om vinteren. Dagens kraftverk har ikkje krav om minstevassføring, men slukeevna er langt mindre enn for planlagt kraftverk.

Kartskisse frå søknadsdokumentet som viser plan for anlegget



Sommaren 2018 vart det utløyst eit ras i øvre del av planlagt trase for rørgate. På grunn av dette moreneraset vart det gjennomført ny feltbefaring for å vurdere alternativ løysing. Som oppfølging er det sendt tilleggssøknad for alternativ rørgatetrase med slik grunngjeving: *«Befaringen viser at planlagt rørgate vi berøre rasområdet, noe som er veldig risikofyllt for fremtidig stabilitet for rørgaten. Ved mulig nye ras kan dette i verste fall utløse et rørbrudd, som kan gi utgraving og skade på omkringliggende områder. Etter befaring og vurdering så vil vi foreslå at det øvre del av rørgaten blir flyttet til vestsiden av Hestbekken. Her er det stabil grunn og til og med fjell. En veldig god løsning burde være å bruke PE rør klamret til fjellet og la den ligge åpen i dagen. Dette vil gi en veldig liten belastning på naturen. En må da krysse Hestbekken rett nedstrøms eksisterende inntak. Her kan en bygge en kulvert i elven for å få god stabilitet.»*

Løysinga vart presentert på befaring 25/9, og er godt illustrert i tilleggsrapporten

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Jotunhei%20dok/Memurubu%20kraftverk/Alternativ%20r%c3%b8rgatetrase'.pdf?epslanguage=no>



Tiltakshavar ønskjer å erstatte dagens inntak med nytt inntak ca. 30 høgdemeter høgare opp, kor bekken er smalare og ein ikkje har lausmassar på sidene. Ved å flytte inntaket om lag 10 meter lenger opp i elva enn omsøkt i konsesjonssøknaden, meiner tiltakshavar at inntakskonstruksjonen i stor grad kan støypast på eksisterande fjell og med eit inntak som kan etablerast og driftast utan vegtilkomst (tyroler-inntak).

Eksempel på tyroler-inntak (bilete frå søknaden)



Det er planlagt ombygging av den eksisterande kraftstasjonen. I tilknytning til kraftstasjonen er det også planlagt rom for dieselaggregat og forskriftsmessig lagring av diesel, jf. sak 53/2016

i nasjonalparkstyret. Det ligg ikkje føre detaljerte byggeteikningar, og saka er ikkje byggemeldt til Lom kommune. Det vart under synfaring 25.09. vist til at dette ville utarbeidast når tiltakshavar eventuelt får eit positivt signal om å gå vidare med utbyggingsplanane. Ein avventar dispensasjon for kraftverksbygget inntil detaljplan og byggeteikningar ligg føre.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har fått delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

§ 3, pk.1.1 gjev i utgangspunktet vern mot alle inngrep i landskapet:

«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretingar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

Forvaltningsstyresmakta kan i medhald av § 3 pkt. 1.3 j) gi løyve til:

«Oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer som ikkje fell inn under pkt. 1.2 h.»

§3 pkt. 1.3 j) er ein spesifikk dispensasjonsregel i verneforskrifta knytt til oppgradering/ fornyng av kraftanlegg. Det vert vurdert at utviding av kraftverket med ny påverka strekning i vassdraget og forlenging av røyrgata ikkje kjem inn under denne paragrafen. Saka må då bli vurdert etter den generelle dispensasjonsregelen i §4 i verneforskrifta som er erstatta av §48 i naturmangfaldlova. Det er strenge vilkår knytt til dispensasjon etter denne regelen:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig.»

Motorferdsel, § 3 pkt. 6.3. o) opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

«Køyring på barmark med traktor eller beltekøretøy i samband med vedlikehald og reparasjon av kraftanlegg til Memurubu.»

Forvaltningsplan

Utkast til forvaltningsplan (2008), som er brukt som rettleiande dokument, gjev slike føringar:

Kap. 8.2 - TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST

«Mikrokraftverk for turisthyttene må vurderast konkret m.o.t. føremoner og ulemper, t.d. motorferdsel av diesel og støyproblem opp mot fråver av vassdragsnatur og inngrepa som bygging av mikrokraftverk inneber. Skogadalsbøen har lansert planar om bygging av mikrokraftverk som skal stå for straumforsyninga til turisthytta. Dette for å redusere helikoptertransport av diesel til motoraggregat. Det ligg og føre forslag/idear om minikraftverk både på Gjendebu, Glitterheim (Storåe) og Memurubu (Hestbekken) Memurubu turisthytte har eit minikraftverk frå 1972 (dvs. før nasjonalparken vart oppretta), effekt ca. 60 kW. Mikrokraftverk kan i nokre tilfelle vere ei god løysing ut frå ei total miljøfagleg vurdering. Det vil ikkje vere rett å tillate nye vasskraftutbyggingar i nasjonalparken for å dekkje energibehovet for turistbedrifter med høg (hotell-liknande) standard. Fylkesmannen meiner at mikrokraftanlegg nokre gonger kan vere ei løysing dersom inngrepa er små, lite synlege, inntaket av vatn lite og at krafta skal brukast på staden.»

Kap. 8.14. - AVFALL, UREINING OG STØY

«Bruk av dieselaggregat til drifta av turisthyttene gjev ureining, støy og motorisert transport av diesel. Ofte vil bruk av dieselaggregat vere den einaste aktuelle løysinga for produksjon av elektrisk straum. Nokre stader kan tilhøva ligge til rette for bruk av mikrokraftverk. Når tilhøva ligg til rette for det, bør dette alternativet bli utgreidd. Eventuelle søknader om bygging av mikrokraftverk må vurderast i kvart enkelt tilfelle i høve til verneformålet og i høve til akseptabel standard på turisthyttene jfr kap 8.2. For slike søknader vil forvaltnings-styresmakta ta kontakt med og samarbeida med Norges Vassdrags- og Energiverk.»

Naturmangfaldlova

Alle tiltak vert vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12, i tillegg til dispensasjonsheimel i § 48.

Presedens

Kraftverket var etablert før nasjonalparken vart oppretta i 1980. Verneforskrifta tek høgde for at anlegget skal kunne drivast og vedlikehaldast, jf. § 3 pkt. 1.3 h) og j). Det er nå søkt om ei utviding, slik at tiltaket må behandlast etter same prinsipp som nyanlegg. Dette gjer at det kan skapast forventningar om liknande anlegg ved andre bedrifter der dei naturgjevne forholda ligg til rette for vasskraftproduksjon. Det er kjent at DNTnå har ei konkret vurdering av mini(mikro)kraftverk ved Skogadalsbøen, og det har også vore meir uformelle diskusjonar om kraftverk kunne vera eit alternativ til dieseldrift også ved Glitterheim og Gjendebu,

Det er likevel ein viss skilnad på ein plass med eksisterande kraftverk og plassar der eit kraftverk vil vera ei heilt ny etablering, slik at ein ikkje ser presedensverknaden som veldig sterk. Inngrep og påverknad på verneverdiane må uansett vurderast konkret i kvar sak.

Mottekne innspel i høyringsperioden

Oppsummering av innhald i uttalene	Merknad frå saksbehandlar
<u>Torgrim Hallvardson Rygnestad, 22.09.18:</u> «Hvorfor skal alt i fjellet bli større og større?? <i>Det kommer mer folk til fjells men forbruket behøver da ikke å bli større. I dette tilfelle Memurubu Turisthytte – det er da mulig å klare seg med nåværende kraftsituasjon. Utbygging i sårbart terreng vil ta årevis for naturen å reparere og utbyttet blir slett ikke stort.</i> <i>La være å ta denne utbygginga – tenk heller på naturen slik den er – er det virkelig nødvending dette – hva er gevinsten?? Mer forbruk – mer forurensning.</i> <i>Når man er på en hytte behøver det ikke å være hjemmestandard med tanke på dulpeditter det er i et hjem. Hold dere til den strømmen dere har til å drive hytta så skal dere se om noe tid at det går helt fint.</i> <i>Jeg mener at en utbygging IKKE skal gjennomføres da det gjør mye skade i området.»</i>	Søknaden gjeld utbetring av eit nedslite anlegg. Anlegget må utbetrast dersom ein skal rekne med energiforsyning frå vasskraft i framtida. Utvidinga må vurderast samla opp mot andre moglege alternativ. Alternativ til vasskraft er energiforsyning via dieselaggregat.

Statskog, brev av 15.10.18

Statskogs rolle i saken:

Statskog er grunneier i området og besitter fallretten i Hestbekken hvor kraftverket ligger. Vi har en festeavtale med Egil og Kåre Sveine fra 01.01.1968 om rett til å anlegge kraftverk i Hestbekken for utnyttelse av ca. 120 meter fall, regulere Hesttjern inntil 5,5 meter ved demning eller tilsvarende senkning, å bygge kraftstasjon ved Memuru elv, bygge rørgate på ca. 500 meter for inntak i Hestbekken, og anlegge strømkabel på 300 meter til turisthytta. Kraftverket er matrikulert som punkt feste med matrikelnr. 514/155/1/167.

Statskogs uttale til søknaden:

Med forbehold om at fjellstyret ikke har vesentlige merknader knyttet til bruksretter og hensynet til naturvern har ikke Statskog som grunneier innvendinger til tiltaket slik det går fram av søknad og vedlegg. Sett i en større sammenheng vil det være positivt å kunne drifte turisthytta med mest mulig ren energi mot å bruk av forurensende dieselaggregat. Slik sett er det planlagte tiltaket beskjedent selv om rørgata forlenges og inntaket flyttes lenger opp langs bekken. Når det gjelder rørgata vil vi gå inn for alternativ 2, dvs. at denne krysser Hestbekken der dagens inntak ligger og at rørgata derfra legges på vestsiden av bekken opp til nytt inntak. Vi deler søkers syn på at rørgata legges oppå bakken, og festes med klammer uten nedgraving på denne strekningen. Alternativ 1 på denne strekningen blir liggende i rasfarlig område med fare for rørbrudd. På strekningen fra kraftstasjonen og opp til dagens inntak bør rørgata graves ned og følge den etablerte driftsvegen. Den gamle rørledningen kan for vår del ligge urørt men en bør fjerne/ eller fylle over biter av den der den er synlig opp i dagen.

Krav dersom konsesjon/ tillatelse gis:

Dersom det gis konsesjon/tillatelse til opprusting og utviding vil dette medføre at et større areal og økt fall tas i bruk på vår grunn. Vi vil derfor krev at det skal inngås ny oppdatert festeavtale mellom fester av kraftverket og oss før tiltaket kan gjennomføres. Siden kraftverket er direkte knyttet til drift av turisthytta med matrikelnr. 514/155/1/51, og det har skjedd store utvidelser der siden denne avtalen ble opprettet, vil vi også kreve ny oppdatert festeavtale for turisthytta.

- - -

Statskog er innstilt på at behandlingen av sakene med konsesjonssøknad, nye avtaler og status på seter kan foregå parallelt for unngå forsinkelser av en ev. utbygging. Vi vil derfor be søker/ fester ta kontakt med oss for å komme i dialog om tingene nevnt ovenfor.

Behovet for å få reviderte festekontrakter i tråd med gjeldende og planlagt bruk av areala er registrert. Det er positivt at dette kan skje parallelt med behandling av søknaden for å spare tid. Det er opp til tiltakshavar å ta dei nødvendige initiativa overfor Statskog på dette området.

Alternativ 2 for rørgate er vurdert som beste og tryggaste løysinga med tanke på fare for røyrbrot. Ein er skeptisk til å la rørgata liggje der den ligg nesten opp i dagen. Overfylt lausmasse vil lett vaskast bort ved nedbør, og det blir vurdert som best å fjerne røyra der det ikkje er etablert stabilt dekke av buskar, småbjørk og annan vegetasjon. På strekningar som t.d. denne på biletet bør rørgata fjernast



<u>Lom fjellstyre, 31.10.2018</u>, ber om utsett frist til etter deira møte 13. nov.	OK. Sakspapir til fjellstyret gjev i utgangspunktet positiv innstilling til søknaden, med visse vilkår for gjennomføring og opplegg for vidare saksgang.
<u>Norges vassdrags- og Energidirektorat, NVE, 31.10.2018</u> Sammendrag <i>De planlagte tiltakene ligger i aktsomhetsområde for både flom og skred og må tilfredsstille sikkerhetskrav gitt i byggt teknisk forskrift før eventuell bygging kan starte. NVE har fått bra samsvar med søkers beregninger av produksjon og kostnader. Utbyggingskostnaden for prosjektet ligger høyere enn gjennomsnittet i forhold til vind- og småkraftprosjekter som har endelig konsesjon. Kraftverket er likevel ikke planlagt ut fra økonomisk optimalisering av vannressursen, men tilpasset forsyningsbehovet i Memurubu turisthytte. NVE mener det derfor ikke er naturlig å gjøre en full kostnytte-sammenligning med andre konsesjonsgitte prosjekter. NVE har ikke vesentlige merknader om hydrologi for prosjektet.</i> Vedtak og oppfølging av kraftverket <i>NVE skal ha kopi av vedtak med vilkår og ev. klager og klageoversendelse til OED, slik at vi kan ajourføre våre databaser og oversikter. Den som får konsesjon kan ikke begynne å bygge før det foreligger vedtak om konsekvensklassifisering av dam og rørgate fra NVE. Konsekvensklassen er bestemmende for sikkerhetskravene som stilles til planlegging, bygging og drift og må derfor være avklart før arbeidet med tekniske planer starter. Regelverk, retningslinjer og veiledere for klassifisering og tekniske planer for vassdragsanlegg finnes på www.nve.no, under menypunktene Damsikkerhet og energiforsyningsberedskap -> Damsikkerhet -> Regelverk. Hvis dam og/eller rør blir klassifisert (klasse 1-3), skal NVE v/seksjon for damsikkerhet følge opp denne delen av byggingen. Detaljerte planer for landskap og miljø skal også forelegges og godkjennes av NVE før arbeidet settes i gang. Tiltakshaver må sende inn et idriftsettelsesskjema til NVE, samt etablere og anvende et internkontrollsystem for anlegget jf. forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivningen.</i>	Ein tek til orientering krav til konsekvensklassifisering og vidare teknisk detaljplanlegging, og føreset at tiltakshavar utarbeider planar i tråd med desse krava. Dette vil danne grunnlag for ei endeleg behandling i nasjonalparkstyret, med meir detaljerte vilkår for dispensasjonen frå verneforskrifta. Behandlinga hos NVE vil og gje føringar for endeleg behandling etter PBL i Lom kommune.

<u>Oppland fylkeskommune - kulturarveininga, 02.11.2018</u> «Denne uttalelsen gjelder kun tiltakets forhold til automatisk fredete kulturminner og verneverdige kulturminner fra nyere tid. Ut fra våre arkiv har vi ikke kjennskap til at det foreslåtte tiltaket kommer i konflikt med kulturminner, og potensialet for funn av automatisk fredete kulturminner anses ikke som så høyt at det er behov for registrering, jf. Kulturminneloven § 9. Vi vil imidlertid gjøre oppmerksom på at dersom det i forbindelse med tiltak i marka blir funnet automatisk fredete kulturminner som ikke er kjent, skal arbeidet straks stanses i den grad det berører kulturminnene eller deres sikringssoner på fem meter, jf lov om kulturminner § 8. Melding skal snarest sendes til kulturminne-myndighetene i Oppland fylkeskommune slik at vernemyndighetene kan gjennomføre en befarings og avklare om tiltaket kan gjennomføres og eventuelt vilkårene for dette. <i>Vilkår om dette må innarbeides i en eventuell tillatelse til det omsøkte tiltaket.»</i>	Teke til orintering. Vilkår om kulturminne blir innarbeidd
<u>Fylkesmannen i Oppland, 02.11.2018</u> Samandrag: <i>Som forvaltningsmyndighet har Fylkesmannen behandlet søknader om opprusting av Memurubu kraftverk flere ganger tidligere, seinest i 2012. Ny søknad tilsvarer tidligere søknader med nytt, hevet inntakssted og forlenget rørgate. Fylkesmannen har avslått alle tidligere søknader fordi konsekvensene for verneformålet har vært for store når tekniske inngrep blir flyttet lengre inn i nasjonalparken og inngrepsfrie områder. Fylkesmannen frarår derfor også nå at søknaden innvilges. Som tidligere åpner vi imidlertid for at nytt vanninntak for eksisterende kraftverk/rørledning kan godkjennes på samme kote/høgde over havet som der inntaket er i dag.</i> <i>Dersom nasjonalparkstyret likevel finner å innvilge søknaden, må det gjennomføres avbøtende tiltak i form av sanering av tidligere inngrep, slik at konsekvensene av et nytt anlegg samla sett blir mindre enn konsekvensene av dagens anlegg. Dette må synliggjøres i en detaljplan som nasjonalparkstyret godkjenner. Det må også settes strenge vilkår for anleggsperioden.</i>	Den tidlegare behandlinga frå 2012 er vurdert. Det er vanskeleg å bygge eit nytt inntak med god landskapstilpassing ved dagens inntakspunkt ved kote 1110. Dette pga. ustabile lausmasser og nokså breitt bekkefar. Ved kote 1141 er det betre naturgjevne forhold for installering av eit Tyrolerinntak med forankring i berg. Ein får samstundes auka produksjon, som kan redusere behovet for diesel og propan, jf. energirapport frå 2016. Det er lagt opp til ei totrinns behandling med overordna vedtak som grunnlag for ei vidare detaljering av søknaden, i tråd med krav stilt av NVE. Detaljert godkjenning av tiltak, med krav om avbøtende tiltak og vilkår for motorferdsel og opplegg for anleggsperioden blir behandla av nasjonalparkstyret når detaljplan ligg føre.

<u>Lom kommune, 02.11.2018</u>, ber om utsett frist til etter formannskapsmøte 13. nov.	OK. Forslag til uttale frå kommunen vil bli gjennomgått og kommentert i møte. Saksframlegg og innstilling frå administrasjonssjefen er i utgangspunktet positiv til søknaden, med visse vilkår for gjennomføring og opplegg for vidare saksgang.
<u>Forum for Natur og friluftsliv - Oppland, 05.11.18</u> Uttalen er sendt på vegne av: Norges Jeger- og Fiskerforbund – Oppland, Oppland Orienteringskrets, Naturvernforbundet i Oppland, Gudbrandsdal Krets - Norges Speiderforbund og Norsk Ornitologisk Forening – Oppland. <i>Vi er positive til en opprusting av eksisterende kraftverk ved Memurubu og ber om at tiltaket medfører en utbyggingsløsning som går bedre inn i landskapet enn i dag. Kraftverket er lokalisert i Jotunheimen nasjonalpark og dette medfører et behov for ekstra stort fokus på god landskapstilpasning og at tiltaket med tilhørende rørgate, anleggsvei og tilpasning av eksisterende kraftstasjon, gir minst mulige naturinngrep. Vi ber også om at alle gamle installasjoner fjernes.</i> <i>Vi mener at de skisserte planene for minstevassføring med 6 l/s i sommersesongen og 1 l/s om vinteren, er satt for lavt. For å i størst mulig grad ivareta tilstrekkelig landskapstilpasning, må høyere nivåer vurderes. Av hensyn til landskap og verneverdier må det også foretas en helhetlig vurdering av Memurubu turisthytte sitt energibehov, og dette må settes opp mot behovet for produksjonskapasitet og kraftverkets fysiske størrelse med bla. plassering av inntaksdam. I forbindelse med dette, må energisparetiltak og bruk av f.eks. solcellepanel vurderes. Behovet for bruk av dieselaggregat må også vurderes i denne sammenhengen.</i>	Det vil bli stilt krav om fjerning av gamle installasjonar og god landskapstilpassing på alle delar av nyanlegget. Det er store naturlege variasjonar i vassføringa. Minstevassføringa har liten innverknad på landskapet. Bekken er ikkje fiskeførande, og rapport om biologisk mangfald viser ingen registrerte organismar som vil bli berørt av vassføringa. Ein legg til grunn at NVE så langt ikkje har vesentlege innvendingar til hydrologien. Det er utarbeidd ein energianalyse i 2016, som synleggjer korleis diesel i stor grad kan erstattast av vasskraft.

Vurdering

Så store naturinngrep som eit kraftverk medfører vil normalt ikkje bli tillate innanfor ein nasjonalpark, men eksisterande kraftverk var bygd fleire år før nasjonalparken vart oppretta.

Renovering av eksisterande kraftverk med kraftgate og inntak er heimla i verneforskrifta, medan full utskifting og utviding til nytt inntak høgare opp må behandlast på lik linje med nyanlegg. Dagens røyrgate er prega av lekkasjar og reparasjonar, og er heilt klart moden for utskifting. Dagens vassinntak til kraftverket består av ein gammal ståltank og tilhøyrande provisoriske innretningar. Eit meir terrengtilpassa og velfungerande inntak vil vera ein klar

gevinst – både av omsyn til kraftproduksjonen og av omsyn til verneverdien landskap. Det har siste åra etablert seg ein markant køyreveg opp mot inntaket, og ein må leggje til grunn at eit modernisert inntak vil krevje mindre behov for motorferdsel i samband med drifta.

Ein ny og moderne turbin som erstatning for den gamle frå 1914 kan gje vesentleg effektgevinst. I dag må Memurubu turisthytte supplere energiforsyninga med kraft frå dieselaggregat i påske/vårsesong og i høgsesongen. All diesel må transporterast inn frå Gjendeosen, og medfører utslepp både frå drift og transport.

Ein energianalyse for Memurubu Turisthytte frå 2016 viser at i eit normalår blir det brukt ca 17.000 l diesel til drift av straumaggregata. Om Memurubu kraftverk blir rehabilitert og utvida, vil bruken av dieselaggregat venteleg kunne reduserast til rein nauddrift ved feil på vasskraftverket. Det meste av propanbruken ved kjøkenet (i dag: ca 650 kg/år) kan også fasast ut. Utan vasskraftproduksjon vil Memurubu trenge mellom 53 000 og 76 000 liter diesel pr. år for å oppretthalde dagens drift, ifølgje energirapporten.

I eit miljøperspektiv vil det vera ein svært stor gevinst om bruken av dieselaggregat i nasjonalparken kan reduserast vesentleg. Fordelane ved ei utviding av kraftverket med forlenging av røyrgate til nytt inntak blir vurdert som vesentleg større enn ulempane. Dette dels ut frå at ein får meir miljøvennleg kraftforsyning enn bruk av dieselaggregat, men også fordi det nye inntaket er plassert der ein lettare kan få god landskapstilpassing og mindre fare for utrasing av lausmasser på sida. Søkjar opplyser at nytt inntak av typen tyrolerinntak i stor grad er sjølvrensande og vedlikehaldsfritt. Det vil derfor ikkje vere nødvendig med veg til inntaket. Høgding av inntaket til kote 1141 vil gje høgare produksjon, men også betre landskapstilpassing og mindre fare for utrasing av lausmasser på sidene. Det er i utgangspunktet negativt å utvide området for inngrep, men etter ei samla vurdering har denne løysinga såpass store fordelar i høve til å oppretthalde dagens inntakspunkt ved kote 1110 at den på visse vilkår kan aksepterast. Det er i søknaden lagt opp til utbygging av denne utvida løysinga og med alternativ røyrgate på vestsida av Hestbekken.

Løysing med røyrgate i dagen på vestsida av Hestbekken på øvre del av strekninga opp mot inntaket blir tilrådd, under føresetnad av at bygging av inntak og utplassering og forankring av øvre del av røyrgate skje ved hjelp av helikoptertransport, slik at terrengkøyrring/køyrespor i urørt terreng på vestsida blir heilt unngått. Høyringspartane har stilt seg mest positive til dette alternativet, framfor graving i ustabile lausmasser på austsida av bekken.

Vurdering etter naturmangfaldlovas §§ 8-12:

Det er god kunnskap om naturmangfaldet, og søker har fått utarbeidd eigen fagrapport på biologisk mangfald for det aktuelle området (§ 8). Tiltak vil stor grad skje langs eksisterande røyrgate og i kjøretraseen opp mot eksisterande inntak. Det nye inntaket og den øvre delen av røyrgate som skal leggjast på overflata og forankrast i berg på vestsida av Hestbekken vil ikkje påverke særleg sårbare artar. Biologisk mangfald-kartlegginga har ikkje avdekt raudlisteartar som vil bli skadelidande ved endra vassføring eller ved inngrep i og ved vasstrengen ved nytt inntak og ved kryssinga som er planlagt nedanfor det eksisterande inntaket. Det er derfor ikkje behov for å bruke føre-var-prinsippet (§ 9). Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) tilseier at ein har streng praksis når det gjeld alle terrenginngrep og motorferdsel i verneområdet. Kvart enkeltvedtak må vurderast i høve til samla påverknad og om eit løyve vil kunne skape presedens. Tiltaket kan skape presedens i høve til eventuelle nye søknader, men spørsmålet om småkraftverk er vurdert på overordna nivå med ei positiv haldning i utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Det omsøkte tiltaket blir ikkje vurdert å medføre skade på naturmangfaldet, og prinsippet etter § 11 er derfor mindre aktuelt. Etter nml § 12 - *miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder* må transport ved bygging av ny inntaksdam og legging av den øvre del av røyrgate på vestsida av Hestbekken skje ved hjelp av helikopter for å unngå unødige terrenginngrep i eit hittil urørt område. Dette er også lagt til grunn i søknaden. Anleggsveg nå utformast slik at den ikkje leier inn vatn som kan føre til erosjon langs røyrgate-traseen. Vegetasjonsmasse/overflatejord må takast vare på og

plasserast slik at det blir lagt til rette for revegetering der ein har fått sår i landskapet. Køyrespor i terrenget må jamnast til ved avslutning av arbeidet.

Det må setjast klare vilkår om fjerning av gammalt utstyr og opprydding og istandsetting av terrenget etter at anleggsperioden er gjennomført. Ønsket om å kjøre det gamle kraftverket så lenge som råd, parallelt med byggeperioden for det nye, bør ikkje strekkast så langt at det medfører mindre optimale løysingar for det nye kraftverket når det gjeld plassering av rørgate og minimaliseringa av terrenginngrepa rundt denne. Ny rørgate må i størst mogleg grad følgje dagens køyrespor. Dei gamle røyra må takast opp der dei ligg høgt oppe i dagen. På strekningane som er overgrodd av tre- og buskvegetasjon blir det vurdert som best å la røyra liggje, og dei må her plomberast for å unngå at dei blir kanalar for smeltevatn og nedbør. Detaljar for dette må merkast opp ved synfaring i terrenget, slik at det framgår eintydig i detaljplanlegginga kva strekningar som skal fjernast og ikkje. Etter avslutta anleggsarbeid må alle sår i terrenget jamnast til og dekkjast med vegetasjonsmasse i den grad dette er tilgjengeleg frå gravearbeida.

Alle gamle røyr, det gamle inntaket og øvrige delar som ikkje lenger skal brukast skal samlast og transporterast ut av nasjonalparken til godkjent avfallsmottak.

Vidare behandling

Dispensasjon for utvida kraftstasjon kan behandlast når det ligg føre detaljerte byggeteikningar for kombinert kraftstasjon og lager for diesel og dieselaggregat.

Meir detaljerte dispensasjonsvilkår vil bli gjeve når det er utforma ein detaljplan som fyller vilkår som er sett i brev av 31.10.18 frå NVE.

Motorferdsel i anleggsperioden må beskrivast nærare i detaljplanen, som eit grunnlag for behandling av ein dispensasjon etter verneforskrifta. Den rutinemessige inspeksjonen av inntaket og rørgata bør når nyanlegget står ferdig, bør utførast skje utan bruk av motorisert køyrereiskap, slik at det etablerte køyresporet opp til inntaket kan reparerast og revegeterast så godt som råd etter anleggsarbeidet

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2018/5386-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.11.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	37/2018	12.11.2018

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019-2021 - Snødekt mark - Sledehundløp og bruk av skuter til oppkjøring / merking av løyper - Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen

Innstilling frå forvaltar

Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen får med heimel i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlova § 48, dispensasjon for å arrangere sledehundløpet JOTUNHEIMLØPET for treårsperioden 2019-2021, med følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld oppkjøring og merking av løype på den delen av strekninga Gjendesheim-Gjendebu-Bygdin som ligg innan nasjonalparken, jf. kart i søknaden.
2. Det kan nyttast to scooterar m/ slede for tilrettelegging av traseen på førehand, og opprydding etter løpet, etter følgjande opplegg.
 - 1 tur nokre dagar før for å stikke og merke løypa
 - 1 tur rett i etterkant for å rydde opp og fjerne merking.
3. Dersom det blir vind/snø mellom merking og løpsdato, *kan* det i tillegg kjørast 1 tur rett i forkant av løpet for å kvalitetssikre sporet.
4. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato og reg.nr. på køyrety seinast dagen før via e-post (rigmor.solem@miljodir.no) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
5. Arrangøren er ansvarleg for at funksjonærar, deltakarar og publikum blir gjort kjent med kva del av løypa som går i nasjonalparken, og at det er særlege reglar for ferdsel her.
6. Fysisk merking og sikringsutstyr skal fjernast så raskt som mogleg etter rennet.
7. Etter at arrangementet er gjennomført, skal løype og tilskuerplassar sjekkast, og eventuell søppel fjernast same dag som rennet blir avvikla.
8. Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken.
9. Høgtalaranlegg skal ikkje brukast innan nasjonalparken, jf. verneforskrifta § 3, pkt. 7.3.
10. Arrangøren skal innan ein månad etter rennet sende rapport til nasjonalparkforvaltninga, med oversikt på deltakartal og oppsummering av avviklinga.

I 2019 blir løpet arrangert helga 29.-31. mars. For 2020 og 2021 må dato varslast og avklarast med nasjonalparkforvaltar, fjellstyra og dei berørte kommunane i god tid.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta. I tillegg krevst løyve i medhald av motorferdsellova frå dei aktuelle kommunane, og frå grunneigar, jf. motorferdsellova. Det føreset også god dialog med DNT og dei som stikkar løyper, for å unngå at det oppstår situasjonar som gjer at nokon av partane blir forstyrra i sine opplegg, eller må kjøre ekstra turar med scooter.

Arrangement og konkurransar er blant tema som blir nærare vurdert ved revisjon av forvaltningsplanen.

Dokument i saka

- Søknad av 14.09.18 og med tilleggssøknad 26.10.18 for utviding til treårsperiode
- Behandling av liknande søknad for 2017 og 2018 – sak 36/2016 og 56/2017
- Lom fjellstyre – behandling av tidlegare søknader for same formål
- Vågå kommune og Lom kommune – behandling av tidlegare søknader for same formål etter motorferdsellova
- Køyrebok og rapport frå gjennomført løp 2018 frå arrangøren

Saksopplysningar

Jotunheimen Hundekjørerlag v/ Helge Holshagen har søkt om dispensasjon for bruk av snøscooter og gjennomføring av hundekjørerløp som delvis vil gå innan Jotunheimen NP. Tilsvarande søknader for tilsvarande arrangement i 2017 og 2018 var behandla av nasjonalparkstyret i sak 36/2016 og 56/2017. Is- og føreforholda gjorde at løpet ikkje vart gjennomført i 2017. I 2018 vart løpet gjennomført med 38 startande. Av desse var det berre 13 som kjørte den lengste distansen som dels gjekk innan nasjonalparken

I søknaden er det gjort nærare greie for planlagt opplegg:

1. *Jotunheimen Hundekjørerlag søker om tillatelse for å arrangere Jotunheimløpet 2019. I 2019 er påska veldig sein og derfor ønsker vi å arrangere løpet før påske pga at det blir stor usikkerhet om snøføre så seint på våren.*
2. *Løpet i 2018 ble avvirket som planlagt med gode tilbakemeldinger fra deltagere og veldig godt samarbeid med involverte etater samt turistdestinasjoner i Sjødalen. Vi starter nå planleggingen av Jotunheimløpet 2019. Planen er å arrangere løpet helga 29-31 mars 2019. Dette blir 2 uker før palmehelga. Vi håper fortsatt å kunne bruke etablerte skiløyper, stikka DNT løyper, egne hundeløyper og løyper som andre instanser/etater kjører jevnlig.*
3. *Vi ønsker å søke om samme traseene som i 2018 og planlegge forskjellige distanser ut i fra disse. Hovedaktiviteten i løypene vil bli fra fredagkveld den 29 og til lørdagkveld den 30 mars.*
4. *Løpet blir planlagt med base på Bessheim der start/mål vil være og sjekkpunkt/hvilepunkt på Sjødalen Hyttetun og Camping og/eller i Skåbu sentrum. Det er ikke planlagt med stopp andre steder i løpet enn disse.*
5. *Jotunheimen Hundekjørerlag søker herved om å få arrangere løpet som planlagt. Vi søker i samme anledning om å få bruke snøscooter til å merke, kontrollere løypene samt opprydding etter løpet. Vi søker om 3 turer med 2 snøscootere med slede. 1 tur i forkant for merking av sporet, 1 tur rett før løpet for å kvalitetssikre sporet og en tur rett i etterkant for å rydde opp og fjerne merking.*


Vedlagt søknaden samme kart som i 2018.

Som følge av ønsket om eit årleg arrangement, er det sendt slik tilleggssøknad:
I forbindelse med søknad om snøscooterløype og arrangement av Jotunheimløpet 2019 ønsker vi å komme med en tilleggssøknad.

Vi har som sagt tidligere ønske om at dette skal kunne bli et årlig arrangement der løpet sannsynligvis vil være rett før eller rett etter påske avhengig av tidspunktet for påske fra år til

år. For å redusere ressursbruk og tidsbruk søker vi om løyve for f.eks en treårsperiode. Vi kan da ha en enkel dialog innenfor treårsperioden om eksakt tidspunkt for løpene.

Hovudaktivitet i løpene er fredag 29. og laurdag 30. mars. Det er søkt om like mange turar med snøscooter som det vart gjeve løyve til for 2018.



Kart med traseplan var vedlagt søknaden.
Revidert kart vart ettersendt.

Kartutsnitt som viser løypetrase innafor nasjonalparken

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Verneforskrifta § 3, pkt. 6.1, set eit generelt forbod mot motorferdsel i nasjonalparken. Det er ikkje noko unntak i medhald av pkt. 6.2 eller eit spesifisert dispensasjonsformål i pkt. 6.3 når det gjeld motorferdsel knytt til arrangement.

§ 3, pkt. 5.2 om organisert ferdsl:

Organisert ferdsl som kan skade naturmiljøet, eller ferdslsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal avklare kva for ferdsl som krev løyve.

Konkurransar er kanskje ikkje direkte samanliknbart med organisert ferdsl.

Forvaltningsplan

Utkast til Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen frå 2008 er brukt som rettleiande dokument inntil ny forvaltningsplan ligg føre. I avsnitt om konkurransar står følgjande:
«Arrangement, treningsopplegg, øvingar, jaktprøver, konkurransar o.l. er organisert ferdsl i som må ha særskilt løyve frå forvaltningsstyresmakta

- - -

Slike arrangement har mykje positivt ved at deltakarane er på tur i verneområda. Ulemper kan vere knytte til uroing av dyre- og fugleliv, andre folk på tur i området, og eventuell slitasje, og i tillegg eventuell bruk av motorferdsel for å kunne gjennomføre arrangementet. Det er gjeve løyve til desse arrangementa m.a. på vilkår av at det ikkje blir nytta motoriserte hjelpemiddel unnateke til konkret skadetransport, og at dei er avgrensa i tid. At ein ikkje nyttar motoriserte hjelpemiddel skal og gjelde for andre tiltak det kan vere ønskjeleg å gjennomføre i samband med slike arrangement, t.d. pressedekning. Arrangementa i nasjonalparken må m.a.o. ikkje bli så store at arrangementet er avhengig av motorferdsel, og ikkje vere så store at dei vert uoversiktlege, då dette lett kan føre med seg slitasje og uro.

Det ser ut til at ei øvre grense på 3-400 deltakarar for renn som Galdhøpiggrrennet, Tinderittet og Fannaråken Duathlon kan vere høveleg, fordi dei då ikkje vert større arrangementsmessig enn at det ikkje er trong for motorferdsel, og med mindre støy, høgtalarbruk og liknande. Når det gjeld markslitasje, er arrangement på snøføre mindre problematisk enn arrangement på barmark. Stort sett har dei vilkåra som er sett for løyve til arrangement fungert godt.

- - -

Retningslinjer:

Omfanget av arrangement (medrekna eventuell motorferdsel) må ikkje gå utover verneverdiar og verneformål og kome i konflikt med tradisjonelt friluftsliv.

Tiltak:

- Arrangementa Galdhøpiggrrennet, Tinderittet, Fannaråken Duathlon, Vettisløpet og Bukkerittet vil få løyve ved søknad på visse vilkår. Arrangement skal ikkje bli så store og av ein slik karakter at dei krev motorferdsel for å kunne gjennomførast.


- Følgje med og overvake verknaden på miljøet»

Sonedeling

Austre del av Gjende ligg innan **Sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, teig 6**. Vestre del av Gjende og Veslådalen ligg i såkalla «brukssone» i det rettleiande utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Om desse sonene står m.a.:

«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»

Kartutsnittet under viser sonedelinga i forslaget til forvaltningsplan:



Naturmangfaldlova

Søknaden må behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, som er erstatta av naturmangfaldlova § 48:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Formålet med vern av nasjonalparken er «å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som

inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Vidare skal alle tiltak vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12

Presedens

Følgjande arrangement/konkurransar har vore gjennomførte dei siste åra:

- Galdhøpiggrrennet - telemarksrenn ved Galdhøpiggen (vår)
- Telemarksrenn på Dyrhaugsryggen (vår)
- Sykkel- og turløpet Fannaråken Duathlon (sommar)
- Nasjonalparkfestival i Utladalen og Årdal m/ Vettisløpet (vår)
- Motbakkeløp Galdhøpiggen (første gong 2008, ikkje arrangert etter 2014)
- High Camp ved Turtagrø (delvis innafor nasjonalparken, vår)
- Besseggenløpet – gammalt turløp som vart teke opp att i 2010.

Det er nokså stor interesse for uike arrangement, jf. revidert oversikt frå forvaltningsplanen. For å unngå uheldig presedensverkand er det viktig å kanalisere arrangement til robuste delar av verneområdet, og halde motorferdsla knytt til arrangement på eit lågast mogleg nivå.

Vurdering

Tidlegare verneforskrift hadde eit eige punkt i som omhandla arrangement som konkurransar o.l., men revidert forskrift har nå berre punkt kalla organisert ferdsel (5.2). Omgrepet «organisert ferdsel» høver for turrenn og liknande, men verkar ikkje heilt dekkande for, konkurransar og ymse arrangement som ikkje er knytt til turrenn og organiserte turar. Forvaltar finn det derfor mest relevant å nytte den generelle heimelen i § 4 og naturmangfaldlova § 48 i denne saka.

Løypetraseen går ikkje heilt tett inn på særleg sårbare lokaliteter, som t.d. hekkplassar for rovfugl, men er i nærleiken av moglege lokalitetar på ei kortare strekning. Det er ikkje lagt opp til stopp i dette området. Når det gjelder kartlegging av andre artar, er registreringane meir mangelfulle i Jotunheimen, men kunnskapsgrunnlaget er likevel vurdert som tilstrekkelig for å ta avgjerd – jf. vurderingskriteria etter naturmangfaldlovas §§ 8-10

(kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning).

Løpet krev oppkjøring av løypetrase med snøscooter på førehand, men dette skjer etter ein etablert trase. Når det gjeld den første turen god tid i forkant for å detaljplanlegge sporet, kan ein ikkje sjå at det er nødvendig så lenge traseen skal følgje eksisterande løypenett i nasjonalparken. Det kan ikkje gjerast større avvik frå etablert løype, så detaljane kan skje ved merking. Kontrolltur rett før løpet er berre aktuelt dersom det kjem ruskevær som gjer det nødvendig å kvalitetssikre trase og merking, jf. føringar i forvaltningsplanen om å redusere motorferdsla til eit minimum..

Arrangøren bør gjennomføre informasjonsmøte for funksjonærar og deltakarar i forkant av rennet, med orientering om vernereglar for nasjonalparken jf. § 12 (*miljøforsvarlige teknikker og arbeidsmetoder*). § 11 (*kostnader ved miljøforringelse*) blir vurdert som lite relevant her.

Belastning i høve til naturmangfald og friluftsliv er begrensa med den planlagte traseen etter eksisterande løypenett. Ideelt sett burde denne typen arrangement leggjast utanom verneområde, men ein ser at sløyfa om Gjende og Bygdin gjev ein god samanheng for løpet samla, og høver godt med planlagt opplegg med Bessheim som eitt av sjekkpunkta i løpet. Det er ein fordel at alle sjekkpunkt ligg utanfor nasjonalparken. Arrangementet er planlagt helga 29.-31. mars (to veker før palmehelga i 2019), med aktivitet i løypene frå fredag til laurdag. I tillegg blir det søkt om i alt 3 dagar med motorferdsel knytt til førebuing og rydding etter løpet.

For Galdhøpiggrrennet, Tinderittet og Besseggenløpet er omfanget avgrensa til at arrangementet skal kunne gjennomførast på ein dag, og det *kan* skape uheldig presedens om andre arrangement kan gå over to dagar. Men ein ser at arrangementa ikkje direkte kan samanliknast. Det vart i 2018 gjeve løyve for to løpsdagar, med føresetnad om evaluering etter løpet. Det kom ingen negative reaksjonar frå andre på hundekjøringa, og det var eit avgrensa tal ekvipasjar som kjørte den lengste løypa som går gjennom nasjonalparken.

Eit større arrangement vil styrke vårsesongen for bedriftene i området, og kan gje positive ringverknader for lokalt næringsliv. Løpet held seg til etablerte løyper, der løypeeigarane har stilt seg positive til den omsøkte bruken. Tiltaket vil i tillegg krevje godkjenning frå grunneigar – jf. motorferdsellova § 10: «Denne lov innskrenker ikke den adgang grunneier og bruker har etter gjeldende rettsregler til å forby eller begrense motorferdsel på sin eiendom».

Med god oppfølging frå arrangøren si side, blir ikkje løpet vurdert å gå ut over naturmangfaldet eller å vera i direkte konflikt med verneformålet. Men ein registrerer at det er stor interesse for ulike arrangement/konkurransar i nasjonalparken, slik at samla belastning kan bli stor. Det er ei forventning om å kunne oppleve stillheit og ro i ein nasjonalpark, og ulike konkurransar som samlar mange folk i konsentrerte område kan i sum gje ein situasjon som er i strid med siste ledd i formålsparagrafen som understrekar at «*ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*».

Arrangementet er vurdert å vera av slik karakter at det kan arrangerast fleire gonger. Det at dei denne gongen legg løpet til 2 veker før påske føreset at dei har god dialog med DNT og dei som stikkar løyper til påska. Det er viktig å finne løysingar som ikkje medfører ekstra kjøring for nokon av partane, og at hundekjørerløpet ikkje skaper ulemper for den tradisjonelle bruken med stikking av vinterløyper ei stund føre påske. Arrangement og konkurransar er blant tema som inngår ved revisjon av forvaltningsplanen.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2015/3107-18

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.11.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	38/2018	12.11.2018

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Drift av rutebåten på Gjende og oppgradering av beredskapsbåt - Gjendebåten

Innstilling frå forvaltar

Det blir lagt til slike punkt om lettboat i eksisterande løyve for drift av Gjendebåten:

- Ein raskare og betre utstyrt båt er viktig i samband med oppdrag for politiet, redningstenesta og ved ambulanseoppdrag. Slik transport er direkte heimla i verneforskrifta § 3 pkt. 6.2.a)
- For transportoppdrag med lettboat knytt til den ordinære drifta av båtselskapet gjeld dei same føringane som for Gjendebåten i sak 43/2015, herunder maksimal hastigheit på inntil 20 knop (sak 25/2016).

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. E-postutveksling med Harald Rune Øvstedal i perioden 10.09.19 - 26.10.18 angående redningsbåt
2. Gjeldande løyve for drift av Gjendebåten gjeldande frå 2015, sak 43/2015 i NP-styret

Saksopplysningar

Harald Rune Øvstedal har ved e-post av 10.09.18 stilt spørsmål ved behov for løyve etter verneforskrifta ved utskifting av småbåt for å vera betre utstyrt ved redningsoppdrag under vanskelege værtilhøve:

En annen ting: som kjent har jeg en liten hurtigbåt på 17 fot som brukes i hovedsak til politi og ambulanse oppdrag. Vi har ved 2 anledninger i sommer satt liv å helse på spill for å få inn ambulansepersonell en gang(for mye vind til luftambulanse) og sist helg kjørt inn 2 turer til Memurubu midt på natta i uvær. Vi ser behov for en båt som er bedre utstyrt. Med blant annet kart/radar og søkelys så vi vet hvor vi er.

Har i den forbindelse ønske om å kjøpe en båt som er mere solid og har et lite styrehus for utstyr til navigering.

Båten blir ikkje lagra innan nasjonalparken, så det er ikkje behov for særskild løyve å ha båten. Redningsoppdrag og andre oppdrag for politiet er direkte heimla i verneforskrifta, men båten blir og nytta til enkelte turar i samband med rutebåtdrifta.

Gjeldande løyve for drift av rutebåten på Gjende har følgjande ordlyd:

Med heimel i gjeldande verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3. g) får Gjendebåtene AS v/Harald Rune Øvstedal løyve til drift av rutebåt for den delen av Gjende som ligg innan nasjonalparken på følgjande vilkår:

1. Gjendebåtene AS kan drive rutebåttrafikk på Gjende i tråd med etablert praksis. Når revidert forvaltningsplan ligg føre vil det vera grunnlag for ein revisjon av løyvet. Løyvet kan elles takast opp til revisjon når utviklinga eller omsynet til andre brukarinteresser tilseier det.
2. Det kan kjørast 2 daglege turar til og frå Gjendebu. I dei periodane av sesongen det vert kjørt to turar, skal det vera ein tur om morgonen og ein på ettermiddagen. Det vil likevel om nødvendig kunne kjørast ekstraturar for å få med alle som står på brygga og ventar på båttransport i tråd med ruteplanen.
3. Med ein "tur", slik dette er brukt i førre punktet, er det meint transport med ein av dei to båtane som for tida er i drift på Gjende, det vil si Gjende III eller "Gjendine". Utsifting av ein eller begge båtane kan berre skje etter godkjenning av forvaltningsstyremakta – jf. forslag til forvaltningsplan kap. 8.4.
4. Når det gjeld ruta på strekninga Gjendesheim - Memurubu, vil det ikkje vera andre avgrensingar enn at transporten skal skje i samsvar med oppsett ruteplan, men ruteplanen skal leggjast opp slik at kjøringa kan avsluttast innan kl. 20:00. Passasjerar som har møtt opp på brygga i samsvar med ruteplanen skal ha tilgang på transport gjennom nødvendige ekstraturar knytt til det faste ruteopplegget. Ved stor trafikk, kan første avgang forserast for å redusere ventetida, slik at første båt kan dra så snart den er fylt opp.
5. Det ikkje høve til å setja opp ekstraturar som blir bestilt "frå brygga". Ekstraturane må vera bestilt på førehand, eller dei må vera knytt til at det står att folk på brygga som ikkje får plass med ordinær avgang i ruteplanen.
6. Det er ein føresetnad at Gjendebåtene bidrar med det som er avtala til drift av fellesopplegg for renovasjon og toalettløysingar i tilknytning til stoppestadane for rutebåten, i samsvar med planar frå Vågå og Lom kommunar.
7. Det er ein føresetnad at Gjendebåtene legg opp eit driftsmønster for rutebåtane med tilhøyrande anlegg som tek omsyn til at verksemda føregår innan nasjonalparken. Dersom det kan dokumenterast eller sannsynleggjerast verknader av rutebåtdrifta ut over det som i dag er kjent, og som er i strid med formålet med nasjonalparken, kan nasjonalparkforvaltinga pålegge Gjendebåtene AS endringar i driftsopplegget eller gjennomføring av avbøtande tiltak.
8. Transporten skal i størst mogleg grad følgje ei lei som går midtstrøms på innsjøen, for å dempe effekten av bølgeslag mot land mest mogleg, og gje litt avstand mot dei som går langs vatnet.

Det blir med heimel i naturmangfaldlovas § 48 gjeve løyve til

- å setja opp inntil 10 ekstraturar til Gjendebu etter behov i løpet av sommaren. Kvar tur må varslast til nasjonalparkforvaltar og fjelloppsyn/SNO via e-post eller SMS i forkant av transporten.
- Det er ikkje høve til bestilling av ekstrabåt frå brygga (taxibåtverksemd).

Rapportering om avgangar, passasjertal, ekstrabåt og evt. rundturar skal skje årleg til forvaltningsstyresmakta.

Eventuelle brot på vilkåra som er stilt for dette løyvet kan medføre at det vert trekt attende.

I sak 25/2016 om utskifting av båt på Gjende er det sett maks hastigheit 19,9 knop:

Nasjonalparkstyret godkjenner utskifting av den eldste rutebåten på Gjende til ny båt av katamarantype, med maksfart 19,9 knop. For rutebåttrafikken innan nasjonalparken, viser ein til vedtaket i sak 43/2015, som og vil vera gjeldande for den nye båten.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Verneforskrifta § 3, pkt. 6.1, set eit generelt forbod mot motorferdsel i nasjonalparken. Forbodet er ikkje til hinder for: *Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta.* (§3 pkt. 6.2 a)

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i verneforskrift av 14.11.14, § 3 pkt. 6.3 gje løyve til: *g) Drift av rutebåt på Gjende i samsvar med forvaltningsplan.*

Generell motorstyrke på båt på Gjende er inntil 10 hk

Forvaltningsplan

Utkast til Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen frå 2008 er brukt som rettleiande dokument inntil ny forvaltningsplan ligg føre, og legg føringar for bruk av motorbåtar.

Presedens

Der det er gjeve dispensasjon frå maks motorstorleik som gjeld på Gjende, er det sett øvre fartsgrensa på 20 knop (gjeld for rutebåten på Gjende og båt tilhøyrande Memurubu). Denne vil vera førande også for andre båtar i transportoppdrag knytt til næring.

Fartsavgrensinga gjeld ikkje ved oppdrag med direkte heimel i verneforskrifta (politi, redningsteneste, ambulanseoppdrag)

Vurdering

Ein mindre båt er meir praktisk ved småoppdrag knytt til drifta av Gjendebåten, som t.d. transport av menneskap, henting av gjenstandar knytt til drifta, m.m. Sjå elles vurderingar i sak 43/2015 i NP-styret, gjeldande dispensasjon.